



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 17.10.2018  
Vår ref: 17/02733-15  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Eide pukkverk i Fjell kommune. Tiltakshavar: Franzefoss Pukk AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 07.07.2017 fra Franzefoss Pukk AS med org.nr. 982 153 018. Franzefoss Pukk AS med org.nr. 982 153 018 heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Eide pukkverk på del av eigedomane 20/207, 20/283 og 20/305 i Fjell kommune. Mineralførekomenstn hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 181 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan for Eide industriområde vedtatt 08.02.2001, revidert siste gang 25.08.2005, er området regulert til steinbrot. Det omsøkte området svarar til områdane C1 og C2 i reguleringsplanen.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løywe.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerhet med NOK 2 200 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein konserngaranti ved at Tiltakshavaren sitt morselskap Franzefoss AS, med organisasjonsnummer 985 312 656, stiller påkravsgaranti for eit beløp på NOK 2 200 000 som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 2.
- (ii) lagt fram ein påkravsgaranti frå morselskapet som DMF vurderer som tilfredsstillande, sjå vedlegg 3.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markeras i terrenget slik at konsesjonsområdet er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Eide pukkverk i Fjell kommune. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket. Sjå vedlegg 4.

## **4. Høyringsfråsegnar med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), Statens vegvesen Region vest og Statnett SF.

Høyringsperioden var frå 27.02.2018 til 27.03.2018.

DMF har motteken høyringsfråsegn frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), Statens vegvesen Region vest, Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)  
DSB har ingen merknadar til driftskonsesjonen.

DMF si kommentar:  
*DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.*

Statens vegvesen Region vest



Statens vegvesen Region vest har følgjande merknad til driftskonsesjonen:

«Føremålet med søknaden om driftskonsesjon er å legge til rette for auka aktivitet innanfor det som i dag utgjer Eide industriområde. Gjeldande reguleringsplan for området – Plan ID1246 20010001, omfattar ikkje avkørsle frå offentleg veg.

Jfr. Veglova § 40 kan avkørsle frå offentleg veg berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova; «*Ligg det ikkje føre noko reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkørsle* (vår utheving) må avkørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret, og avkørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.»

Eide industriområde har tilkomst frå kommunalt vegnett. Det er såleis Fjell kommune som formelt skal ta stilling til søknad om avkørsle jfr. Veglova § 40. Ny drift som skissert vil medføre ei trafikkauke med store bilar på både kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport er Statens vegvesen oppteken av at kryss og avkørsler på riks- og fylkesveg vert utforma i høve til den bruken dei skal tene.

Avkørsla frå kommunal veg inngår i vegutbetringsplan frå 2016, *PlanID 1246 20090016 – 297 RP Fv 210 Apalvågen Eide*. Her er det mellom anna sett krav om 6 x 54 meter sikt.

Dagens kryss Fv. 210/kommunal veg er ikkje opparbeidd i tråd med vegutbetringsplanen. Slik Statens vegvesen vurderer det bør driftskonsesjon for Eide pukkverk ikkje gjevast før avkørsle er utbetra i tråd med plan. Dette tilseier mellom anna at det ved veglovshandsaming må setjast krav til utbetring av frisikt.»

#### DMF si kommentar:

*DMF tar høyringsfråsegna til etterretning. Med tanke på vegstandard viser DMF til at Fjell kommune er vegmyndighet for kommunale veger. DMF viser til at vegplanlegging skal skje etter reglane i plan- og bygningsloven, jf. Veglova § 12. Ifylge Statens vegvesen sitt høyringsfråsegna er avkørsla frå kommunal veg ein del av vegutbetringsplan med PlanID 1246 20090016 – 297 RP Fv 210 Apalvågen Eide. DMF minner tiltakshavar om at driftskonsesjonen ikkje erstattar «krav om tillatelse, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter annen lovgivning» jf. minerallova § 5. DMF oppmodar tiltakshavar til å setje seg inn i merknadane som kjem fram i høyringsfråsegna og fylgjer opp Statens vegvesen sine krav i samband med avkørsla.*

#### Fjell kommune

Fjell kommune har følgjande merknad til driftskonsesjonen:

«Krav om dokumentasjon og utgreiing

I høyringsbrevet ber Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) «kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfold, kulturminne og forureining. Dersom kommunen



eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgriding om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår».

Fjell kommune vil gjera merksam på at dette er utgriingskrav DMF må stille til tiltakshavar. Det vil vera føremålstenleg at tiltakshavar nyttar konsulent til utgriinga. DMF må senda søknad og utgriing ut på høyring, og kommunen vil på bakgrunn av utgriinga vurdera om det er trøng for å be DMF stille vilkår om tiltak i driftskonsesjonen for å førebyggja eventuell forureining og skade på naturmangfald/naturtypar. Kommunen vil vera varsam med å skissere konkrete tiltak, da dette kan gjera kommunen medansvarleg.

#### Gjeldande reguleringsplan og plankrav

Når det gjelder reguleringsplanen (PlanID 20010001), er dette ein eldre flateregulering etter plan- og bygningslova (tbl) 1985 som for enkelte område stiller krav om bebyggelsesplan. Dette omgrepet er gått ut av ny tbl, og for desse tilfella krev kommunen ny reguleringsplan.

Det vert søkt om konsesjon for område C1 og C2. For område C1 er det knytt plankrav til i gjeldande reguleringsplan, før tiltak kan iverksettast, jf. pkt 3 i reguleringsplanen. Det følgjer ikkje eit slikt krav til område C2. Denne ulikskapen er knytt til at etterbruken for dei to områda er ulik, jf. pkt. 5 i reguleringsplanen.

Vidare vil vi peike på at gjeldande reguleringsplan er meir enn 10år, og på denne bakgrunn kan kommunen stilla eit generelt krav om utgriing av naturmangfaldet for begge områda (C1 og C2) før tiltak kan iverksettast. Det vert vist til avsnitt om krav til dokumentasjon og utgriing, og at utgriingskrava kan samordnast.»

#### DMF si kommentar:

*Kva angår tiltaket sin arealmessige status, viser vi til plan- og bygningslova og minner om at kommunen er planmynde jf. plan- og bygningslova § 3-2. DMF føreset at tiltakshavar til ein kvar tid driv i samsvar med føresegner gjeven i medhald av plan- og bygningslova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving jf. minerallova § 5. Tiltakshavar er ansvarleg for å hente inn andre naudsynte løyve.*

#### Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har følgjande merknad til driftskonsesjonen:

«Under arbeidet med reguleringsplanen gav Hordaland fylkeskommune fråsegn fleire gonger, (vår arkivsak 199904287 Eide industriområde – Framlegg til reguleringsplanen), der mykje av fråsegnene dreidde seg om kulturminne. I gjeldande arealdel til kommuneplanen 2015-2026, vedteken 18.06.2015, er området regulert til noverande «næringsvirksbygningar» (tbl § 11-7, nr 1). Det vart i 2015 starta opp arbeid med områderegulering av næringsareal på Eide, men Reguleringsplan Eide industriområde frå 2001 skal så langt vi kan sjå ut frå føresegner til kommuneplanen sin arealdel framleis gjelde.



Omsøkte tiltak er relativt stort, og kjem etter det vi kan sjå inn undertiltak nr. 19 i vedlegg 1 i forskrift om konsekvensutgreiing, dvs. tiltak som alltid skal ha konsekvensutgreiing.

#### *Vilt- og innlandsfisk*

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka ut frå hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare, ikkje truga artar av vilt og innlandsfisk. Vi har ikkje merknader vedkomande vilt og innlandsfisk.

#### *Kulturminne*

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Det omsøkte tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området, vedteken i 2001. I samband med oppstart av kommunedelplan og seinare områdeplan for området gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologiske registreringar i 2012 og 2017.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor det omsøkte området; føremåla C1 og C2 i gjeldande plan (plan ID 1246\_20010001 RP Eide industriområde). Det er kjend eit stort tal automatisk freda kulturminne i nærområdet til tiltaksområdet, og det er såleis svært viktig at det omsøkte tiltaket ikkje går utover dei regulerte føremåla C1 og C2, verken med permanente eller midlertidige tiltak. Vi minner også om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.»

#### DMF si kommentar:

*Når det gjeld krav om konsekvensutgreiing er det i forskrift om konsekvensutgreiingar av 2009, ei overgangsføresegn i § 21 der det heiter seg at «Planer og tiltak som ikke var omfattet av forskriften 1. april 2005 nr. 276 kommer ikke inn under ny forskrift dersom saksbehandlingen for planen, jf. plan- og bygningsloven § 11-12, § 12-8 eller tiltaket var startet opp før denne forskriftens ikrafttreden». Gjeldande reguleringsplan for området blei vedteken 8. februar 2001, med ein revisjon frå 25. august 2005. DMF tek ikkje stilling til kva revisjon av plana, datert 25. august går i. Vi legg til grunn at gjeldande reguleringsplan blei vedteken 8. februar 2001. Slik det fylgjer av overgangsføresegnene (§21) til forskrifta av 1. april 2005, skal planarder sakshandsaminga har starta opp før forskrifta bleigjeldande ikkje omfattast av nemnde forskrift. Forskrifta blei seinare erstatta av forskrift om konsekvensutgreiingar av 2009. Vi viser elles til kommunen som planmynde, jf. plan- og bygningslova § 3-2. DMF tek fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn til etterretning og minners samtidig tiltakshavar om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.*

#### Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland har følgjande merknad til driftskonsesjonen:

«Pukkverket er i eit industriområde der det ligg eit nedlagt og eit aktivt deponi. Slik det kan sjå ut på kart vedlagt søknaden, er konsesjonsområdet for uttak sett heilt inntil det nedlagte deponiet. Verksemda må sørge for at det er tilstrekkeleg avstand frå masseuttaket til deponiet.



Vi føreset at pukkverket ikkje fører til endra miljøpåverknad frå deponia, til dømes i form av endringar i avrenning eller andre tilhøve. Det er ein føresetnad at konsekvensane pukkverket kan ha på drift og etterdrift av deponia vert utgreidd, til dømes på kvaliteten på den geologiske barrieren, overvakingsbrønnar, grunnvass-straum og grunnvass-nivå. Når konsekvensane er utgreidd, må det vurderast om det må setjast særskilte krav til drifta av pukkverket for sikre at det ikkje fører til auka/endra forureining frå deponiet. Det må også vurderast om krava etter forureiningslova til deponiet bør endrast.

Det står i søknaden at det skal etablerast deponi der masseuttaket har vore. Eventuell drift av nytt deponi krev særskilt løyve etter § 11 i forureiningslova.

Vi har fått melding frå verksemda i samsvar med kapittel 30 i forureiningsforskrifta, så drifta er allereie avklart etter denne forskriften. Viss det vert danna mineralavfall frå drifta må verksemda lage avfallsplan for avfallet, jf. kapittel 17 i avfallsforskrifta.»

DMF si kommentar:

*DMF tar høyringsfråsegna til etterretning og minner om at Fylkesmannen er forureiningsmyndighet jf. forureiningslova § 81. Vi oppmodar tiltakshavar om å syte for at naudsynte løyve etter anna regelverk er på plass, sjå herfylkesmannen sine merknadar. DMF minner også om sikrings- og oppryddingsplikta etter minerallova §§ 49 og 50. DMF oppmodar tiltakshavar til å setje seg inn i merknadane som kjem fram i høyringsfråsegna og fylgje opp fylkesmannen sine påpeikinger.*

## 5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:



## **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrar kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for eideomane med gnr./bnr. 20/207, 20/283 og 20/305 som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

## **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 181 daa og går fram av kart i vedlegg 1. Etter reguleringsplan for Eide industriområde, er området regulert til steinbrot. Det omsøkte området svarar til områdene C1 og C2 i reguleringsplanen.

## **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

## **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på kring 181 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 5 600 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 110 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagd drift i ein etappe. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutning. Planen er å føre brotområdet tilbake til industri/næring i området C1 og avfallsdeponii område C2. I område C2 vil det bli deponert massar til avfallsdeponiet fortløpende, med start frå nordaust i område C2.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Eide pukkverk godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.



Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Thomas Thorgård som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne. Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

#### Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artsdatabanken (gjennomførte den 15.01.2018) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

#### Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget

DMF vurderer at uttak av massar som omsøkt ikkje vil vere i konflikt med forvaltingsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltingsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

#### Naturmangfaldlova § 10

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Området rundt uttaket er et typisk vestnorsk



kystområde. Landskapet er småkupert med dalar i retning nordvest – sørvest. Vegetasjonen består av lav med lyngvekstar og gras i dalbotnane. På toppane tek vinden for hardt til at vegetasjonen kan klara seg. DMF vurderer at arealbeslaget til ein viss grad allereie er gjort i forbindelse med tidlegare aktivitet. Massetaket medfører anleggsaktivitet så lenge uttaket er i drift. Veger og annen industriverksamd vurderast å bidra til den samla belastninga.

#### Tiltakets konsekvensar for kulturminner

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i konsesjonsområdet. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### Forureining

Massetaket kan føre til partikkelflukt til luft, med potensiale for påverknad av luftmiljø. Forureining i form av støv og støy er regulert av forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF minner om meldeplikta til forureiningsmyndigheten, fylkesmannen, ved igangsetjing eller endringar/utvidingar av drifta.

#### DMF si konklusjon

*DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.*

#### **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Tiltakshavar opplyser om at det blir setje opp varselskilt ved uttaksgrensa, samt at tilkomstveg til anlegget blir stengd med bom som kan låsast. Det skal setjast opp eit minimum 2 meter høgt sikringsgjerde mellom endeleg brotkant og tilgrensande driftsområde. Under drift sikrast pallkantar med gjerde eller større steinblokkar/sikringsvollar. Det blir utført reinsk av brotveggar etter sprenging, samt at endeleg brotvegg blir etablert med forsiktig sprenging.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjeraåstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Førekomsten består av ein gneis/granitt med mindre innslag av mørke bergartar og kvartsitt.

Uttaket vil bidra til å halde oppe sysselsetjinga i distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

#### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Tiltakshavar legg opp til fortløpende bruk av område C2 som avfallsdeponi etter uttak, mens område C1 vil bli tilpassa planlagd etterbruk til industri/næring. Området vil ved avslutning bli rydda, konstruksjonar og avfall fjerna og området tilbakeført i samsvar med reguleringsplan. Når deponering av ordinært avfall i område C2 er avslutta skal



området gis ein terremesseg behandling slik at det i størst mogleg grad føyer seg inn i landskapet på staden.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavaren har foreslått å stille NOK 338 000 i økonomisk sikkerheit.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si si krings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 2 200 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords - eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved konserngaranti.

Innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren stille ein konserngaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 2 200 000.

DMF kan fremje krav i høve til konserngarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyre eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.



Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått har DMF rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren.

Konserngarantien fell bort etter skriftleg samtykke frå DMF.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informeraast umiddelbart. Dersom driftsperioden er lengre enn 5 år, skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga ergjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

Dersom det blir endringar i krava til sikkerheit pliktar Tiltakshavaren å stille med ny påkravsgaranti og/eller signere en pantsettingserklæring som skal sendast banken, og inngå ein ny avtale om finansiell sikkerheit dersom denne skal bestå av anna enn bankgaranti aleine.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekommst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløye er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

### **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.



### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### **Ansvaret til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmere informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Maria Lauritzen  
seksjonsleder

Christine Langås  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Christine Langås

Vedlegg:

KONSESJONSOMRÅDE FOR EIDE PUKKVERK I FJELL KOMMUNE.pdf

AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx

PÅKRAVSGARANTI.docx

GODKJENT DRIFTSPLAN FOR EIDE PUKKVERK I FJELL KOMMUNE.pdf

Motta karar:

Franzefoss Pukk AS	Postboks 53	1309 RUD
--------------------	-------------	----------

Kopi til:

Hans Kåre Eide	Eidesvågen 26	5363 ÅGOTNES
Marin Eiendomsutvikling AS	Postboks 43 Laksevåg	5847 BERGEN
Egil Dagfinn I. Lauvik	330 S Forrest 98595 Westport WA, USA	98595 WA
Ingvar Lauvik	Gullsmedvegen 7	5397 BEKKJARVIK
Marin Eide AS	Postboks 43 Laksevåg	5847 BERGEN
Glenn Kenneth Lauvik	Rekkjavegen 21	5363 ÅGOTNES
Eide Bo Eiendom AS	Metevika 32	5363 ÅGOTNES
Alvhild Vassel Eide	Eidesneset 100	5363 ÅGOTNES
Kjersti Nævdal	Medhaugen 18	5174 MATHOPEN
Kitty D. Eide Aarland	Lægdesvingen 83	5096 BERGEN
John Willy Eide	Hjortevegen 14	5236 RÅDAL
Trude Dagny Eide	Solheimsgaten 72	5054 BERGEN
Fjell kommune	Postboks 184	5354 STRAUME
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103 TØNSBERG
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO